Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Herefoss

Emne: Julenissen

Bygdelag:

Oppskr. av: Asb. Langemyr

Gard:

(adresse): S. Herefoss

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eirik Stoveland, bonde, ca 70 år.

SVAR

Julenisse skal det for første gong ha vori på juletrefest på Vatning for ca 50 år sidan. Far til Eirik Stoveland kledde seg då ut med langt skjegg raud topplue og stôtar på hendene. Han kom så fram bak kateteret og deklamerte og gebarda seg med "fôteme" til stor moro for festlyden. "På juletrefestar for born er han brukar sume stader t. d. Gauslå og Dalen skulekrinsar. I andre krinsar bli han meir halden for ein hedensk person som ein helst bør kvitta seg med, og slett ikkje ha på julefestar. Er det julenisse på festen, så deler han til kvar sin pakke til alle borna. Pakkene har han i ein sekk.

I heimane har han og vore nytta ein del det siste. Han deler då ut julegåver til alle saman i huset.

Med utstyret har det aldri vore så nøye. Berre han har langt skjegg og sekk med gaver, så har det vori nok.

Julebukkane brukar ikkje julenissemaske

5464

og delte ikkje ut julegaver.
Julenissen blir sett i samband med nissen som fekk julegraut i gamal tid.
Støvland fortel at julenissen kom fast til kvernhuset – så til badstova – ~~stabburet~~ stabburet – vedskjulet.

5464

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING